

HØYRINGSUTTALE TIL FLOMLUKERAPPORTEN OG TILLEGGSRAPPORTEN FRÅ SKL

Behovet for vidare flomsikring i odda

Det kan synes unødvendig å uttala seg om det er behov for vidare flomsikring i Odda. NVE uttalte på folkemøtet 18.04.18 at det no er gjort skadereduserande tiltak i Opo nedstrøms, slik at elva er dimensjonert for å tåla 1000 kubikk/s. NVE garanterer ikkje dette, og tilleggsrapporten til SKL viser mange svake punkt i elva. Ved ein 200-årsflaum med klimapåslag vil betydelege mengder med vatn renna ned Røldalsvegen. Bustader, sjukeheim, sjukehus, Oddaprodukt med 70-80 tilsette står i fare for betydeleg skade. I 2014 fekk mange av bruene store skader, og står fortsatt i fare for ein kollaps.

Grunneigarane rundt Sandvinsvatnet treng eigentleg ikkje fleire storflaumar for å øydeleggja framtida. Flaumen i 2014 viste oss, og også storsamfunnet, korleis situasjonen er. Såleis er verdien på eigedommane våre allereie sterkt redusert. Nye byggeløyver eller å få setja opp att bygningar etter brann, vert sannsynlegvis ikkje aktuelt. Eg legg ved registreringane som vart gjort etter oktoberflaumen i 2014. 85 bygningar rundt Sandvinsvatnet vart flaumskadd. Kor mange millionar forsikringsselskapa brukte for å reparera skadane, veit eg ikkje. Eit viktigare spørsmål er kor lenge dei ynskjer oss som kundar.

Sjølv sagt handlar dette om livskvalitet, eller kall det gjerne liv og helse. Problematikken røyner på alle dagar. Og kvelden 28.10.14 stod vatnet frå fjellside til fjellside, og vi hadde knappast landingsplass for eit helikopter.

Det kan synes unødvendig å poengtera kor viktig det er med eit godt flomvern, då dette no burde vera innlysande. Eg gjer det av den enkle grunn at eg stiller meg tvilande til om det faktisk føreligg andre realistiske alternativ enn SKL sin flomtunnel.

2 alternativ?

Sjølv om det no er forprosjektet til Multiconsult om flomluker og tilleggsrapporten til SKL som er på høyring, synes eg det viktigaste er å understreka at NVE utan tvil no har kunnskap om situasjonen vi har rundt Sandvinsvatnet. NVE veit også at ved å tilrå konsesjon til SKL, vil dei støtta ei flomsikring som i 2021, 7 år etter katastrofen i 2014, vil sikra at alle flaumar kan reduserast med 500 kubikk/s.

Om ikkje SKL får konsesjon, og heller ikkje anna flomsikring er på plass etter 2021, kva tankar gjer då NVE seg om vi får ein ny flomkatastrofe?

Spørsmålet mitt er då om det faktisk føreligg 2 alternativ.

Er det realistisk å tru at NVE prioriterer å bruka 100 mill. til flomluker i Odda? Odda har allereie fått 100 mill. til flomsikring langs Opo. NVE har for 2018 eit budsjett på 250 mill. til både ras- og flomsikring for heile landet. Skal Odda då få 200 mill.? Er dette sannsynleg?

Er det meir sannsynleg at Odda får ei ekstrabevilgning? Eg ser for meg at det også er mange andre flomutsatte vassdrag i Noreg som ynskjer ei ekstrabevilgning.

Igjen, føreligg det 2 realistiske alternativ for flomsikring i vassdraget vårt?

Er flomlukeprosjektet gjennomførbart om vi har ei finansiering?

Ved planlegging og bygging av slike flomluker, er det mange fagområde som er involvert. Som lekmann vågar eg meg likevel til å koma med nokre kritiske spørsmål.

Kotehøgde

Ein vesentleg grunn til at flomluckerapporten er laga, er å begrensa skadeflaumar for oss rundt Sandvinsvatnet. Det er no vel kjent at byrjande skade på Sandvin skjer ved kote 87,9. Flomluckerapporten mister ein god del seriøsitet når det på s.13 står: «Det er antatt at begynnende skade er ved 10-årsflom, dvs. en vannstand i Sandvinvatn på kote 89,0.»

Punktering i endemorenen

Utløpet av Sandvinsvatnet er ein del av ein endemorene etter istida. Er det forsvarleg å grava 5 meter ned i desse massane i 10 meters breidde? Er der ingen risiko for at elva då byrjar å grava?

Opo nedstrøms

Eitt av dei svake punkta i Opo er Mannsåker i området frå gangbrua. 03.10.17 rann det 250 kubikk/s ned Opo. Då var vatnet kant i kant med toppen av muren der, altså det var like før vatnet rann inn på Mannsåker. Vatnet som renn ut av eventuelle flomluker, aukar potensialet for skadar her.

Lukene opne/stengte?

Det er lett å forstå at det er vanskeleg å berekna vannstand, vassføring, vannhastighet, sikring m.m. Drifta av flomlukene er slik at ein opner og stenger alt etter prognosar og faktiske forhold. Eg er viss på at Opo nedstrøms i alle situasjonar vil måtte bli først prioritert. Røyner det på nedstrøms, uavhengig av kor stor vassføringa faktisk er, vil ein måtte stenga lukene og ofra oss oppstrøms.

Flomvern mot Røldalsvegen

Multiconsult slår fast at det er ein fare for at vannstanden i Sandvinsvatnet kan bli så høg at vatnet kan byrja å renna ned Røldalsvegen. For å bøta på dette, foreslår dei å bygga ein voll

på vestkanten av kanalen. Inneber dette at også veibanen må hevast? Om så er, korleis vert stigninga på riksvegen? Er det i så fall innanfor det som er tillatt for ein riksveg? Om vollen hindrar vatnet å renna ned Eidesdalen, korleis går det då med campingplassen? Ein ting er i alle fall sikkert, denne vollen gjer at vannstanden i Sandvinsvatnet vil stiga. Altså, ein prioriterer Sentrum framfor områda rundt Sandvinsvatnet.

Drifta av flomlukene

Til slutt i rapporten skriv Multiconsult at det vert anbefalt å inngå avtale med eit lokalt kraftselskap om å drifta lukene. Drifta er ein vesentleg del av flomlukeprosjektet. Det verkar då litt merkeleg at Multiconsult ikkje kan visa til at dette spørsmålet har vore lufta med noko kraftselskap.

Tilleggsrapporten frå SKL

Denne omtalar blant anna oppdateringa av det hydrologiske grunnlaget, dagens kapasitet til Opo og forureininga i indre hamn, Sørfjorden.

Oppdatert hydrologisk grunnlag

Ein skadeflaum er verken større eller mindre alt etter kva tal ein set på vassføring og vannstand. Det er likevel verdt å merka seg at før oppdateringa var flaumen i 2014 rekna som ein 200-årsflaum. Etter oppdateringa er same flaumen rekna som ein 100-årsflaum. Dette er utan klimapåslag. Ved 40% klimapåslag er 2014-flaumen venta å ha 10-15 års gjentaksintervall.

Kapasiteten til Opo etter NVE sine sikringsarbeid

Det er svært alvorleg når NVE slår fast at Opo no er dimensjonert for å tåla vassføringar på over 1000 kubikk/s. Dette er nær dobbelt så mykje vatn som vi hadde i oktoberflaumen i 2014. Det må vera lov å undra seg over om dette er realistisk. Ikkje berre kan dette utsagnet brukast til å argumentera mot at det er behov for Opo flaumkraftverk, men også mot at det er behov for flaumluker. Det er då lett å konkludera med at Odda sentrum no er sikra. Odda har fått 100 mill., no må vi prioritera andre vassdrag i Noreg. Eg synes mykje av arbeidet langs Opo er bra, men tek på alvor SKL sine undersøkingar som er omtala i tilleggsrapporten.

Forureining i indre hamn, Sørfjorden

Sweco viser i tilleggsutgreiinga kor sterkt forureina indre hamn i Sørfjorden faktisk er. Ikkje berre det, men at det også i dag gis løyve til utslipp av giftstoffer. Etter flaumen i 2014 auka forureininga i Odda/Opo/hamnebasenget. Smelteverkstippen og Ragdetippen ligg der dei ligg. Dess større vassføring i elva, dess meir sediment og forureiningar tek vatnet med seg. Ved avlastning med flomtunnel vil dette problemet bli kraftig redusert. SKL vil ha ansvar for

avbøtande tiltak ved flomtunnelutløp, samt at bedriftene i Odda og staten slepp ansvar og bekymringar rundt dette. Ingen ryddar opp slik det er i dag.

I følgje Store Norske Leksikon er stadnavn med endinga –vin, meir enn 1000 år gamle. På Sandvin har det altså vore busetnad og gardsdrift frå førkristen tid. Utfordringane i framtida kan verta så store at kulturlandskapet som er pleia i «all tid», går tapt. Utan skikkeleg flomvern, er det alvorleg dårlege framtidsutsikter for landbruk, busetnad og trivsel.

Det er også verdt å nemna at SKL vil som avbøtande tiltak mellom anna etablere ei fisketrapp. Då vil villfiskene kunna vandra opp i Sandvinsvatnet og vidare oppover elvelandskapet i Storelva opp nesten til Grønsdalsfossen. Mangedobla areal og gunstig område for oppvekst av smolt vil medverka til at Opo og Storelva vil ha langt meir villfisk enn no. Dette kan verta eit framsteg for reiseliv og fiske.

Utane flomvern har NVE og alle vi andre kunnskap nok til å veta at det ikkje lenger er eit spørsmål om områda rundt Sandvinsvatnet får ein ny katastrofelflaum, men når. Eg set min lit til at NVE sørger for at vi slepp å oppleve dette ein gong til. Det vert då rett og slett for tragisk, å midt i det heile veta at dette kunne vore unngått!

Helsing

Elin Sandvin Gnr. 49, Bnr.27

Tlf.411 93 279